



Årsmelding 2014

Norsk Sahel Sjølvhjelp Organisasjon (NorSahel)

Styrets samansetning

Leiar: Øyvind Hope

Styremedlemmer: Anne Thorild Omland, Øyvind Tveit, Kristin Parkinson Vågen, Anita Haugstad Haugsjå

Styremøte

Det er avhalde 2 styremøte i 2014.

Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit, uavhengig organisasjon som er registrert i Norge. NorSahels medlemmer består av ei gruppe personar som dedikerer seg til å arbeide for humanitær bistand og utviklingsaktivitetar i Mali. NorSahel arbeider i Mali og har eit kontor med ein stadleg representant i landet.

Organisasjonens føremål

Føremålet og grunnlaget for arbeidet:

NorSahel vil arbeide for varig fred og berekraftig utvikling i Mali.

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levkåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. NorSahel vil spesielt fremje helse og utdanning av afrikanske kvinner. Vi ynskjer å gje dei verktøy til å utvikle seg, då kvinnene representerer eit stort utviklingspotensiale.

Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre bærekraft.

Aktivitet

Generelt

Av spesielle hendingar:

I mars 2014 blei det arrangert ein vellukka Mali-kveld i Treungen. 120 personar møtte på kvelden. Prosjekta til NorSahel blei presentert og det vart halden utlodning til inntekt for sykkelprosjektet i Tambaga.

I oktober 2014 samla Nissedal ungdomskule inn pengar til sykklar for ungdomskulejenter i Tambaga. Øyvind Tveit frå NorSahel hadde kontakt med skulen og Hølje Haugsjå presenterte prosjektet på skulen saman med Øyvind.

NorSahel har i 2014 oppretta ei offisiell internettside, www.norsahel.no og ei facebook side. Leiar Øyvind Hope har vore mykje involvert i dette viktige informasjon arbeidet.

Feltreiser til Mali

2 feltreiser til Mali er blitt foretatt i 2014 av dagleg leiar/prosjektleiar. Formålet med feltreisene har vore å forberede dels å følgje opp igongsette prosjekter og ikkje minst å forberede framtidige prosjekt. På første feltreise i februar 2014 blei det jobba mykje med å forberede eit prosjekt for å bekjempe nyfødd dødelegheit. Ei avtale blei inngått med ein kompetent og erfaren malisk konsulent om å fungere som NorSahel sin stadlege representant i Mali. Hans namn er Etienne Dembele.

Visjon 2030

I November 2014 sendte NorSahel inn eit konsept for den nasjonale innovasjonsdugnaden Visjon2030 (www.visjon2030.no). Konseptet var ein kort prosjekt beskrivelse av hjelp til nyfødde i Kati, Mali, ved bruk av metoden HBB og med faglig støtte frå NorSahel si ekspertgruppe. Dette konseptet blei med vidare i konkurransen og endte opp med å verte utvalt bidrag i Visjon 2030 sitt kompendium. (Under sjølve konferansen i mars 2015 i Trondheim vart konseptet plukka ut til å bli spesielt presentert). Bidraget til Visjon 2030: <http://www.visjon2030.no/pop.cfm?FuseAction=Doc&pAction=View&pDocumentId=61689>, s.130

Prosjekt

Prosjektet sykkel:

I 2013 vart dei første 30 syklane kjøpt inn til ungdomskulen i Tambaga. Prosjektet var eit samarbeid med kommune og skule-leinga i Tambaga og eit eige regelverk vart utarbeidd for syklane. I juni 2014 vart dette prosjektet evaluert og ein rapport vart skriven. Erfaringane viste seg å være svært gode. Formålet med prosjektet er å i første omgang hjelpe fleire ungdomsskulejenter til å kome på skulen og fullføre utdanning. Andel jenter på ungdomskulen i Tambaga var spesielt låg, ned mot under 10%. Prosjektet sykket viste seg raskt å motivere fleire jenter til å kome og i lengda vil det medføre at fleire jenter også fullfører utdanninga ved ungdomskulen.

Bygd på desse erfaringar og med ein endå klarere vektlegging av jenter blei det i september/oktober 2014 kjøpt inn 35 nye sykklar som vart transportert til Tambaga. Under sjølve mottakinga møtte det også representantar frå regionale skulemyndigheter på høgt nivå. Dette siste understrekar strategien til prosjektet med å inkludere myndigheter og skape eigarskap hos desse.

Prosjektet Nyfødd:

På ei feltreise til Mali i februar 2014, sjå over, vart dette prosjektet drøfta med helsemyndigheter både på regionalt og nasjonalt nivå. Det vart det uttrykt klart ønske om at NorSahel med ekspertgruppe set i gang tiltak innanfor nyfødd sektoren. For å følgje spesielt dette prosjektet vart ein malisk stadleg representant engasjert i deltids arbeid. I tillegg blei det inngått intensjonsavtale med ein lokal malisk organisasjon, APSM, som har lang erfaring med å implementere helse-prosjekt på feltnivå i Mali.

Ein viktig nøkkel i prosjektet er at det er nedsatt ei veldig kompetent ekspertgruppe. Ekspertgruppa består av helsepersonell med både høg internasjonal kompetanse og sterk lokal kjennskap til Mali. Ekspertgruppa består av Ola Didrik Saugstad(leiar), Jennifer Requejo,, Olav Mikkel Eielsen, Anita Haugstad Haugsjå, Marthe Eielsen, Mari Innerdal og Rita Lill Oplan. For detaljer om ekspertgruppa vises til vedlegg.

NorSahel og ekspertgruppa har utarbeida eit konsept for å bekjempe nyfødd dødelegheit ved bruk av HBB metoden(sjå www.helpingbabiesbreathe.org). Prosjektet vil nytte utstyr produsert av Laerdal Global Health (<http://www.laerdalglobalhealth.com/>) og introdusere dette ved opplæring via ekspertgruppa. Opplæring vil starte i Kati distriktet i Mali. Ei viktig side ved prosjektet er at det vil gå inn i etablerte helse institusjonar og drive opplæring med hensikt å styrke desse til å bekjempe nyfødd dødelegheit i eksisterande strukturar. Også på nasjonalt nivå vil det verte opplæringar av ekspertgruppa. Eit eige forskingsprosjekt er utarbeida av Pediatriisk forskningsinstitutt-UiO for å måle effekt av prosjekta og drive kartlegging innan nyfødtomsorg. Forskinga blir leia av Ola Didrik Saugstad

I november 2014 blei konseptet sendt til Visjon 2030(sjå over) og til Kavli fondet (www.kavlifondet.no). Kavli fondet tok kontakt og ynskte ein meir utfyllande søknad. Denne vart levert i januar 2015.

Fortsatt drift

Føresetnad om fortsatt drift er til stades, og årsregnskapet for 2014 er satt opp under denne føresetnaden.

Årsrekneskapen for 2014

Organisasjonen blir driven av frivillige i Norge. I Mali har ein stadleg representant mottatt honorar for utført teneste for etablering og forbreidelsar av prosjekter.

NorSahel ynskjer å auke inntektene for 2015, både frå private og offentlige, for å styrke organisasjonens føremål.

Arbeidsmiljø

Leinga vurderer arbeidsmiljøet i organisasjonen som tilfredsstillande og har ikkje iverksatt spesielle tiltak i 2014.

Likestilling

3 av dei faste medlemmene av styret er kvinner. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

Resultatdisponering


NorSahel sitt resultat for 2014 blir overført til neste år og vil utan avvik bli brukt til å fremje organisasjonen sine mål.

Treungen 14.06.2015




Øyvind Hope


Styreleder



Anita Haugstad Haugsjå



Øyvind Tveit



Kristin Parkinson Vaagen



Anne Torhild Omland